



Heimesnekra fjøs

Forfatter

Håvard Øyrehagen, Norsk Sau og Geit

Sammendrag

Kristian Williamsen har stor tru på norsk landbruk, om ein maktar å halde investeringskostnadene nede. Han meiner at ein av nøkkelfaktorane er enkle bygningsløysingar og mykje eigeninnsats når ein bør byggje nytt. Kristian Williamsen har utvikla dei byggjetekniske idéane sine saman med to studiekameratar, Knut Erik Ree og Torfin Andersen. Det heile starta ved at dei laga eit fullskala modellfjøs på parkeringsplassen til tekniske fag på Ås.

Publisert

2009

Referanse

Sau og Geit nr.1/2009

Utskriftsdato

04.07.2020 www.fag.nsg.no



Eit bygg blir til, og so enkelt kan det faktisk gjerast. (Foto: Kristian Williamsen)

Heimesnekra fjøs

Kristian Williamsen har stor tru på norsk landbruk, om ein maktar å halde investeringskostnadene nede. Han meiner at ein av nøkkelfaktorane er enkle bygningsløysingar og mykje eigeninnsats når ein bør byggje nytt.



Kristian Williamsen har utvikla dei byggetekniske idéane sine saman med to studiekameratar, Knut Erik Ree og Torfin Andersen. Det heile starta ved at dei laga eit fullskala modellfjøs på parkeringsplassen til tekniske fag på Ås.

Grindverksbygging

Kristian fortel at det var eit ønskje om å finne ein billegast mogleg byggjemetode som sette dei tre karane på sporet av ei bestemt byggjeform. Den skulle vera billeg, bygget skulle kunne reisast med høg eigeninnsats og ein skulle kunne ta råvarene frå nærområdet, helst frå eigen skog.

Dei tok utgangspunkt i den gamle

Kristian Williamsen, Knut Erik Ree og Torfin Andersen tek ein kvil etter ei byggeøkt på parkeringsplassen på UMB. (Foto: Kristian Williamsen)

byggjetechnikken grindverksbygging og vidareutvikla den til å kunne brukast til moderne fjøs. For Kristian og dei to karane var det viktig at alt kunne byggast liggande på marka og so reisast med ein frontlesar eller ei mobilkran. Difor måtte dei modifisere litt på den gamle byggjemetoden, men endringane blei gjort respektfullt.

Hovudristing

- Det var litt hovudristing på skulen når me først starta på dette prosjektet, for det var aldri nokon som hadde laga noko som var i so stor målestokk før. Men me handla inn tømmer, fekk rekna på berestykke og starta bygginga. Etter kvart stod det ein fullskala modell i 1:1. Då gjekk skepsisen over, seier Kristian.

Fortsetter neste side.

Brakar rundtømmer

Eit særtrekk med grindverksbygging er at ein brukar rundtømmer saman med kanta tømmer i reisverket.

- Med ein gong du skjer i stokken so vert den svakare og toler mindre belastning. I tillegg er bygningar med rundtømmer ganske vakre bygg og dei er mindre utsette for å knekke. Ulempa er at stokkane vert frykteleg tunge og dei rullar lett når dei skal tilpassast og ved monteringa. Firkantstokken er enklare å jobbe med slik sett. Eit anna problem er at det ikkje finst nokon god standard for å berekne styrken i rundtømmeret. Me har forsøkt oss litt, men dette kan gjerast mykje betre, meiner Kristian. Det enda med at dei tok utgangspunkt i den høgaste kvaliteten som er lovleg på skurlast; c30.

- Truleg kunne me gått mykje høgare i berestyrke om me hadde berekna dette på ein skikkeleg måte, og dermed spart materialar i bygginga. Me kunne for eksempel gått ned frå ti toms tømmer til seks toms. To av fjøsa som er bygd er konstruert i berre rundtømmer. Då var det mykje rulling av stokkane før me fekk sett dei saman, kan Kristian fortelje.

Endeleg sauefjøs

Etter tre storfjøs er dei endeleg i gong med eit sauefjøs, det skjer på Randa-berg i Rogaland.

- Sidan dei to første rammene vart bygde har me laga litt ulike variantar av rammene. Dei var opphavleg laga etter ein mal på den mest vanlege breidda på fjøs med liggebås for kyr, den er på ca. 20 meter. Det er òg det som er det mest estetiske. Men på det sauefjøset me no har starta og bygge er breidda kutta til 18,5 meter. Lengda på heile bygget er 22 meter. Det gjev eit bruttoareal på 407 m² og vil få plass til rundt 200 vinterfjøs sauer. Bonden driv økologisk, og då er det godt med litt ekstra plass. Men det er rundt 100 m² som blir til fjørbrett og køyregangar og ekstraplass i lamminga, fortel Kristian. Dyra skal gå på talle inne, og i tillegg får dei tilgang til utadørs luftegard. Fjøset vert bygd som kaldfjøs, og det er kostnadsberekna til rundt 1,2 millionar kroner, inkludert eigeninnsats. Bygget vert sett opp i tilknytning til ei gamal løe. For å bevare litt av det kulturmiljøet som er der frå før vurderer ein å nytta tretak. Tretak er litt



Alle skøyttar vert forsterka med stålinnlegg for å halde konstruksjonen endå betre på plass. (Foto: Kristian Williamsen)



Flatpakka fjøs, stabla opp til den skal setjast saman. (Foto: Kristian Williamsen)

dyrare enn stålplater, men det vert garantert for råte i tretti år hjå leverandøren.

Fjerde fjøset

Sauefjøset er det fjerde fjøset dei bygger og dei håpar at det vert mange fleire. Det er framleis mange variantar dei ikkje har bygd og dei ser difor gjerne at det kjem nokre spesielle krav etter kvart. For eksempel er det endå ingen med køyrbart loft, om dette skulle vere av interesse for nokon. Mange stader i landet er det behov for nye driftsbygningar på grunn av at dei eksisterande er tungdrevne, gamle og kanskje berre vedlikehaldne slik at dei

akkurat skal halde. Det er kanskje lettare for neste generasjon og overta om dei veit at det ikkje tek heile kvelden å føre dyra, samt at det kanskje er betre både for trivsel til dyra og helsa til bonden. Kristian meiner iallfall det berre er å kaste seg rundt og bygge nytt. Dei er tilsette i treårige prosjektstillingar hjå Nortura. Etter at kontraktida går ut snakkar Kristian om å bli bonde sjølv.

- Det er det landlege livet som lokkar, og sjølv om det er fint å bygge fjøs er det endå betre å jobbe i dei, seier Kristian Williamsen.

Av Håvard Øyrehagen